



HAVRÅ



OSTERØY  
MUSEUM



# Årsmelding

2024

# Mål Organisasjon og økonomi.

**Vi skal ha profesjonell og solid drift, trygg økonomi og ressursstyring, systematiske prioriteringar basert på strategiplanen og underliggende planar, god digital kompetanse og effektiv bruk av digitale verktøy. Vi skal ha ein robust og føremålstenleg organisasjon.**

**På Osterøy museum/Havrå har vi hatt fokus på**

- Oppfølging av personale ma fleire som har vore sjukemelde over lengre tid. Nikolai Rypdal Tallaksen, Magne Vikne og Matias Hagenes har slutta og Agnes Hoshovde og Kristian Haaland har starta som formidlar og kulturlandskapsforvaltar ved avdelinga. I tillegg er sommarsesongen omfattande med 18 sesongtilsette, i hovudsak i slåtten på Havrå.
- God arbeidsmetodikk med funksjonelle rutinar og god planlegging av arbeidsoppgåver gjennom avdelingsmøter, faste planleggingsmøter og betre bruk av Muho sine system.

# Aktiv samhandling

**Vi er ein fagleg attraktiv samarbeidspart, med sterk samanbindingskraft på tvers av fagfelt, institusjonar, brukargrupper og interessentar. Dette skal kome til uttrykk gjennom formalisert FOUsamarbeide, realisering av utviklingsprosjekt på avdelingane og utvikling av nye samarbeidsprosjekt i og utanom museumsnettverka.**

TILTAK	RESULTAT
Vi skal vidareføre formaliserte samarbeidsprosjekt innan forsking, (Sjå Solid kunnskapsproduksjon) med samarbeidspartar i dei nasjonale museumsnettverka og FOU-institusjonane UiB og NIBIO	<i>Borgundprosjektet er vidareført i tråd med plan, med avsluttande vevforsøk og produksjon av fagfellevurdert artikkel. Artikkelen er goteken i internasjonalt tidsskrift og vil bli publisert 2025.</i> <i>I masterstudent har gjort feltarbeid på Havrå.</i>
Om/Havrå skal gjennomføre undervisningssamarbeid innan høgare utdanning, med UiB som vertskap for 2 studentar i praksisfag AHKR og dokumentasjonsoppdrag og med HVL om undervisningsmodul innan tekstilkunnskap. Vi skal også legge til rette for læringsarenaer for Fagskulen og studentar ved BAS.	<i>Samarbeide med UiB/praksisfag er gjennomført i vårsemesteret, med 2 studentar i praksis ved avdelinga.</i> <i>Undervisning ved HVL er gjennomført som planlagt i haust. Det vert også drøfta ein mogeleg modul III innan Tekstilkultur.</i> <i>Fleire studentgrupper frå BAS har hatt studiedagar på Tilsette har delteke i undervisning.</i> <i>Enkeltstudentar frå BAS gjer også prosjektoppgåver i museet, med oppmåling ol.</i>
Vi skal fremme kunnskap og medvit om, og sikra bevaring av, natur- og kulturarv gjennom samarbeider med kommunane i Nordhordland og VLFK, om rådgjeving til forvaltning, private og frivillig sektor, innan bygningsvern og samlingsforvaltning.	<i>Kulturverntensta har gjennomført rådgjeving, synfaringar og søknadshjelp mm til private og kommunal forvaltning, i tråd med avtala.</i> <i>Osterøy museum er referansressurs for Osterøy kommune sitt arbeid med Kulturmiljøplan.</i>

<b>Vi skal greie ut mogelegheiter for å styrke oss fagleg, økonomisk eller organisatorisk gjennom samarbeid med eksterne aktørar. På vår avdeling omfattar dette tiltak som:</b>	<i>Osterøy kommune handsama sak om medlemskap i KIN i desember -24 og det vil gjea avtale med Muho/KIN i 2025.</i>
Samarbeide med frivillige i lokalmiljøet gjennom arrangement og andre relevante tiltak	<p><b>Osterøy sogelag</b> har etter avtale med museet fått tomt på museumsområdet til eit boklager/møtelokale. Bygging pågår. Årleg sogneskriv er også eit samarbeide mellom museet og sogelaget..</p> <p><b>Treskoverkstaden:</b> Det vert arbeidd med å få ny aktivitet i verkstaden. Frivillige har delteke når verkstaden har vore open.</p> <p><b>Kunstfestivalen Håsong, Mjøsvågen:</b> Museet deltok med aktivitetar i treskoverkstaden og plantefargning.</p> <p><b>Haus kulturminnelag:</b> Målet er å få restaurert smia i Mjeldalen slik at kulturminnelaget kan bruke den til aktivitetar. Planlagt søknadar mm haust/vinter.</p> <p><b>Arrangement:</b> Osterøy museumslag har hatt fleire arrangement og elles hjelpt med dugnadar på museet. Vi prøver ut arrangementet «Kveldsseta» i samarbeid med Osterøy Spel- og dansarlag. Mål å etablere ein fast møtestad på museet med folkemusikk.</p> <p><a href="https://www.folkemusikk.no/kveldsete-paa-osteroey.6692330-608744.htm">https://www.folkemusikk.no/kveldsete-paa-osteroey.6692330-608744.htm</a></p> <p>Elles samarbeider museet med andre lag om ulike arrangement.</p>
Utviding av samlingane på Havrå i tråd med samlingsplan	<i>Dei siste åra har Muho inngått avtaler om skjøtsel med fleire av grunneigarane. Eit bruk har kome for sal dette året og det er inngått intensjonsavtale om at Muho kjøper. Dette omfattar kultur og naturhistoriske verdiar i bygg og landskap.</i>
Finansiering av nasjonalt prosjektsamarbeid om Pelsdyrnæringa.	<i>Eit forprosjekt har fått tilskot frå Kulturdirektoratet og er under arbeide. Samarbeidsnettverket har fått avslag på søknad om utviklingsmidlar så evt oppfølging må vera innafor musea sine eigne ressursar.</i>
Strategiprosjekta våre om å utgjeie fellesløysingar innan bygningsvern og utvikling av besøksmåla våre, gjennom nye bygg, utstillingar og tilbod, skal reviderast.	<p><b>Prosjekt Fellesløysingar innan bygningsvern</b> har etablert samarbeide med næringslivsaktørar m.fl. som grunnlag for søknadar i 2025. Målet er å legge til rette for ombruk av eldre bygningar og bygningsmaterialar.</p> <p>Vi har starta arbeide med strategiar og langtidsplanar for Havrå, med særleg fokus på formidling.</p>
Samarbeidspart i Bioregion sitt prosjekt BioDeepMap	<i>Muho er prosjektpartner og Tekstilhandverkar har delteke på ein workshop i prosjektet.</i>
Samarbeider med Osterøy kommune om å utvikle og etablere eit fast undervisningstilbod for ungdomsskulen, innan tradisjonshandverk.	<i>Prosjektet «Nevenyttig» er finansiert gjennom Kulturskuleråd/Sparebankstiftelsen, og starta opp hausten 24. Første steg er valfag «sløyd» for 8 klasse 2024/25, med 11 elevar. Tradisjonshandverkar Trond Oalann underviser.</i>

## Mål Relevant formidling

**MUHO skal drive profesjonell og relevant formidling, med heilskaplege tilbod som ivaretak verdiene i mangfold og berekraftsomgrepa. Vi har fokus på publikumsutvikling for å utvikle relevante tilbod for målgruppene våre.**

Avdelinga prioriterte dette året å tilsetje formidlar i 50% stilling, framfor å erstatte samlingsutviklar då han slutta 1.2. Dette er eit viktig grep for å vidareutvikle formidlings- og særleg maknadsarbeidet for å nå ut til fleire målgrupper. Det har særleg vore viktig i strategien for å realisere besøksstrategien på Havrå. Der ser vi tydeleg resultat av eit målretta arbeid.

#### **Besøkstal**

I 2024 hadde ein 1688 besøkande på Osterøy Museum og 1131 besøkande på Havrå. Dette er ein oppgang frå 1034 beøkande på Osterøy Museum og 239 besøkande på Havrå i 2023. Eit større fokus på markadsføring har vore viktig for å få opp besøkstala på begge musea, men kanskje spesielt på Havrå.

#### **SOME og marknadsføring**

I 2024 har vi satsa på jamleg publisering av innhald på sosiale medier. Vi har lagt ut omvisingar og arrangement på nettsider og SOME i god tid før dei skjer, slik at vi har god tid til å marknadsføre dei. For Havrå så var rekkevidda på facebook 10,7 millionar på grunn av ein video om høybering som gjekk viralt i sommar. Rekkevidda på instagram er 39 300 for Havrå i 2024. Osterøy Museum sin facebook hadde ein rekkevidde på 34 400 i 2024, som er ein oppgang på 90% frå året før. På instagram var rekkevidda 4 800 og 14 000 visningar.

TILTAK	STATUS PR 1.5.
Avdelinga tilset formidlar i 50% stilling frå 1.1.2024.	<i>Dette er gjennomført i samarbeide med TIM frå 1.1.24.</i>
Vi skal gjennom fellestiltak i MuHo styrke kompetanse om, og tiltak innan universell utforming	<i>5stk frå avdelinga har delteke på internt kurs i november. Det er også søkt Buf-dir om tilskot til tiltak kommand år.</i>
Formidlingsplanen skal legge ein langsiktig strategi for korleis vi kan bruke digitale løysingar som kan skape kulturopplevingar som er uavhengig av museet sine lokasjonar og opningstider	<i>Dette fokuset vil vera del av vidare arbeide med formidlingsplan og utvikling av tiltak.</i>
Innhald skal vera produsert for digitale flatar slik at museumstunet på Osterøy museum er tilgjengeleg utan guide sommaren 2024.	<i>Vi har ikkje kome så langt som målet var dette året med testing, men held fokuset her i vidare arbeide.</i>
Målet er at undervisningstilbodet "Blodig alvor" skal vera ferdig komande år, Blir gjort tilgjengeleg via Museumslosen når det er ferdig .	<i>Prosjektet har ikkje hatt framdrift sidan ein har fått avslag på fleire søknadar (Kulturdirektoratet/Unesco). Prosjektgruppa har no fokus på finansiering og utforming av søknadar.</i>

#### **For å vidareføre immateriell kulturarv skal vi**

Halde opne kurs i veving og broderiteknikkar knytt til omsaum.	<i>To vevkurs vart gjennomført i månadskiftet juni-juli . Broderikurs vart utsett og gjennomført 31.8.</i>
--	--

	<i>Kurs i vevning av varafell på bordvev vart gjennomført under Ullveka og under det nasjonale Tekstilsymposiumet i Skien 11.10. Der tekstilhandverkar også hadde foredrag om raudlista teknikkar i museumssamanheng.</i>
Havrå skal gjennomføre det årlege arbeids- og undervisningsprogrammet knytt til slåtten.	<i>16 ungdomar var med å gjennomføre slåtten i perioden 17.6.-15.7.</i>
Havrå skal førebu og tilby kurs innan slått og styving av tre på eksterne arenaer	<i>Det vart gjennomført 1 eksternt slåttekurs 22.6., på Slettebakken i Bergen.</i>
Det skal gjennomførast interne kurs knytt til reiskapsproduksjon, neverlosting (om mogeleg) og vi skal legge til rette for læringsarenaer for studentar t.d. ved Fagskulen og Bas innan bygningsteknikkar og verktøybruk.	<i>Det er gjennomført eit internt kurs i reiskapsproduksjon på Havrå . BAS har studiedagar på Havrå tilsaman 5 dagar i haustsemesteret. Det var planlagt kurs i neverlosting, men ikkje mogeleg å gjennomføre dette. Kurs plantefarging gjennomført 31.8. Tradisjonshandverkar bygg har hatt undervisningsoppdrag på Norsk folkemuseum.</i>
Seminar i september med tema <b>kulturhistoriske fargar</b> . Foredrag, workshops	<i>Det vart gjennomført kurs i plantefarging 31.8., men avdelinga har ikkje hatt kapasitet til å gjennomføre seminaret dette året. Blir teke oppatt i samband med sesongutstilling 2025..</i>
Utvikle undervisningstilbod for ungdomsskulen innan tradisjonshandverk	<i>Steg 1 i tilboden er valfag for 8 klasse, med fokus på tre og bygningsteknikkar. Det har starta opp med 11 elevar skuleåret 24/25.</i>
Vi skal arbeide vidare med bokprosjektet Åkle i Nord- og midthordland med mål å utgje boka i 2025	<i>Prosjektet er inne i avsluttande fase med grovutkast til manus, parallelt med at redaksjonen har starta dialog med aktuelle forlag. Det bør vera realistisk at bok kan kome ut vinteren 2025/26.</i>
Vi skal lage minst 3 «historier» der vi koplar revita-arbeid ved Om til tradisjonskunnskap på Havrå og formidlar gjennom film (t.d. Youtube) og artiklar på Digitaltmuseum. Slike tema/kompetansefelt kan også i neste omgang vera grunnlag for å utvikle undervisning, kurs, el.a. kommersielle tilbod.	<i>Det er ikkje kapasitet til å gjennomføre dette tiltaket i 2024.</i>



## FORMIDLINGSPROGRAM

<b>2.2.</b>	<b>Kyndelsmesse (museumslaget)</b>	<i>Gjennomført ca 60 stk deltok</i>
<b>7.2.</b>	<b>Handarbeidstreff – uformelt kurs med Shasiko og boro</b>	<i>Gjennomført</i>
<b>6.3.</b>	<b>Handarbeidstreff</b>	<i>Gjennomført</i>
<b>3.4.</b>	<b>Handarbeidstreff (kveldsprogram)</b>	<i>Gjennomført</i>
<b>8.5.</b>	<b>Handarbeidstreff</b>	<i>Gjennomført</i>
<b>April-mai</b>	<b>Foredrag Naturrisikorappport på BAS</b>	<i>Blir ikke gjennomført pga sjukemelding</i>
<b>17.6.-14.8.</b>	<b>Sommarsesongen</b> Musea skal ha faste opningstider/omvisingar i perioden 16.6.-11.8	<i>Gjennomført</i>
<b>Juni</b>	<b>Losting av never</b>	<i>Avlyst</i>
<b>24.6.-27.6.</b>	<b>Kurs varafell</b>	<i>Gjennomført</i>
<b>26.6.</b>	<b>Udstillingsopning «Von»</b>	<i>Gjennomført</i>
<b>26.6.-15.8.</b>	<b>Udstilling «Von» Heidi Thorsvik</b>	<i>Gjennomført</i>
<b>28.6.</b>	<b>Kurs broderi m Heidi Thorsvik</b>	<i>Utsett og gjennomført 31.8.</i>
<b>2-5.7.</b>	<b>Kurs varafell</b>	<i>Gjennomført</i>
	<b>Kurs treskoverkstadens</b>	<i>Ikkje gjennomført pga sjukemelding</i>
<b>25.6.</b>	<b>Skulefri</b>	<i>Avlyst pga sjukemelding</i>
<b>02.7</b>	<b>Skulefri</b>	<i>Gjennomført</i>
<b>9.7.</b>	<b>Skulefri</b>	<i>Gjennomført</i>
<b>17.7.</b>	<b>Skulefri</b>	<i>Gjennomført</i>
<b>29.7.</b>	<b>Olsok-kaffi</b>	<i>Gjennomført i samarb. m Bygekvinnelaget</i>
<b>31.8.-1.9.</b>	<b>Brakekledning</b>	<i>Avlyst</i>
<b>31.8.-1.9</b>	<b>Plantefarging – kurs</b>	<i>Gjennomført</i>
<b>4.9.</b>	<b>Handarbeidstreff</b>	<i>Avlyst</i>

<b>18.9.</b>	<b>Kveldsseta</b> , Folkemusikkarr i samarb med Spel og dansarlaget	<i>Gjennomført, 30 deltok</i>
	<b>Undervisningstilbod til 7 klasse</b>	<i>Gjennomført 2 dagar</i>
<b>24.9.</b>	<b>Forteljarkveld (museumslaget)</b>	<i>Gjennomført i samarb. M Museumslaget. 52 deltok</i>
<b>2.10</b>	<b>Handarbeidstreff</b>	<i>Avlyst</i>
<b>6.10.</b>	<b>Ullveka - Kurs varafell (bordvev)</b>	<i>Gjennomført</i>
<b>11.10</b>	<b>Ekstern arena; Kurs varafell (bordvev) Tekstilsymp Skien</b>	<i>Gjennomført</i>
<b>13.10</b>	<b>Ekstern arena: Tekstilhandverkar, foredrag – Raudlista teknikk på museum, Tekstilsymp. Skien</b>	<i>Gjennomført</i>
<b>Veke 43</b>	<b>DKS</b>	<i>Gjennomført 23-24-25.10 Med 120 elevar</i>
<b>6.11.</b>	<b>Handarbeidstreff</b>	<i>avlyst</i>
<b>4.11.</b>	<b>Bokslepp (årbok mm)</b>	<i>Samarbeid med Osterøy sogelag</i>
<b>17.11.</b>	<b>Kulturfveld</b>	<i>Samarb Edru Livsstil</i>
<b>27.11.</b>	<b>Kvedsseta</b>	<i>Samarb med Osterøy spel- og dansarlag</i>
<b>desember</b>	<b>Handarbeidstreff/adventsarrangement</b>	<i>avlyst</i>



Tekstilhandverkar har utvikla tilbodet, og reiskapane, for workshopen «Minivarafell» (eller «Weaving like the vikings»). To utanlandske grupper har delteke dette året, og den er gjennomført som kurs både på Osterøy museum og det nasjonale Tekstilsymposiet i Skien. Bordveven som er utvikla i samarbeide med det lokale firmaet Vassfjøra er til sals i museumsbutikken.

# Mål Heilskapleg samlingsutvikling

**All samlingsutvikling i MUHO skal skje i tråd med samlingsplanen. Vi skal ha godt oversyn over samlingane museet forvaltar og gjere dei tilgjengelege. Museet skal prioritere i eksisterande samlingar for sikre betre oppbevaring, gjere samlingane relevante og utnytte ressursane best mogleg.**

Som tidlegare år har fokuset vore å få betre oversikt over samlingane. Sidan det er tekstsamlinga som har vore därlegast tilgjengeleg, har fokuset dei siste åra vore der. Ved hjelp av Dokumentasjonsteamet frå Bevaringstenestene har det vorte arbeidd intensivt i 2 veker i februar (8 dagar) og 4 veker i november (14 dagar). I dette prosjektet er 413 tekstilar gjennomgått eller registrert, digitalisert, pakka og mange er publiserte. Resten vert publisert i januar 2025. Dette har òg ført til ei forbetring i oppbevaringsforhold for gjenstandar på 2,4%.

Me har likevel framleis store restansar på fleire felt i samlingsarbeidet. Me held oss til samlingsplanen, og eit inntak av ei verktøysamling gjorde at me fekk eit høgt tal på innkomstar dette året, til saman 234, der 168 gjeld verktøysamlinga. Resten av tilveksten er for det meste tekstil/drakt.

I KUD-statistikken for 2024 går me over til å telja digitaliserte gjenstandar berre i Primus fordi det er den enkleste måten å telja på, og difor er dette talet lågare enn året før. Under ei programvareoppdatering hjå KulturiT vart det oppretta ei gruppe objekt som vart kalla "provisoriske" objekt. Desse viste seg å vera i stor grad feilregistreringar, og er no retta opp i og/eller sletta. Dette har blant anna ført til om lag 360 færre registrerte foto enn ved årsslutt i 2023, noko som gjer registreringsarbeidet gjort i løpet av året mindre synleg i statistikken. Tala for 2024 er baserte på søk i Primus Web. I 2024 er det destruert 2 gjenstandar etter reorganisering av ein gjenstandskategori i samlingane.

Hovudfokuset når det gjeld foto har vore å avslutta arbeidet med ei større samling; Fotland-samlinga. Me kom nesten i mål med dette med 358 nye registreringar i 2024, og arbeidet er mest sannsynleg ferdig i februar 2025. Me har framleis restansar når det gjeld pakking av potensielt sårbare fotosamlingar. I høve snarleg utgjeving av ei bok om åkle i regionen, får me ei stor digital fotosamling etter dokumentasjonen av åklea. Registreringsarbeidet i Primus har starta i 2024, og informasjonen om 215 dokumenterte åkle er lagt inn, men førebels for det meste utan foto. Museet skal få tilsendt foto av dei totalt over 800 åklea, med fleire foto av kvart åkle.

Det er brukt om lag 5,7 månadsverk til arbeid med samlingane, registrering, digitalisering og tilgjengeleggjering i 2024, noko meir på foto enn på gjenstandar. Dette inkluderer også anna arbeid som rydding og ompakkning.

	Totalt	Registrerte*	Digitaliserte* (m/bilde)	Publiserte*
Gjenstand	17044 (Nye 2024: 234)	14006 (Nye 2024: 301)	3961** (Nye 2024: 247)	4344 (Nye 2024: 199)
Foto (motiv)	15771 (Nye 2024: 57)	6356*** (Nye 2024: 573)	3904 (Nye 2024: 376)	2538 (Nye 2024: 213)
Fartøy	5	4	4	4

\*Tala er baserte på søk i Primus Web.

\*\*Digitalisering: lågt tal pga. overgang til å telja digitaliserte gjenstandar berre i Primus.

\*\*\*Om lag 360 færre registreringar av foto enn reelt pga sletting av PROV-objekt i Primus.



Samlingsplan er revidert og mål i denne skal vera gjennomført.	Dette er gjort i samband med årsplanarbeidet i haust
Samlingsforvaltningsarbeidet ved Osterøy museum/Havrå vert organisiert på ny måte i 2024. For å sikre kontinuitet og god kompetanse til å gjennomføre rutinar og arbeide i tråd med Spectrum og gjeldande standardar er målet at Hanne Dale ha 20% stilling med fagleg ansvar for samlingsforvaltning og arbeide tett med lokalt team. Marit inngår i dette teamet.	<i>Vi har hatt fokus på overføring av kunnskap og informasjon og prøve ut arbeidsmetodikk/oppgåver. Pga sjukemeldingar har temaet ikkje vore fulltallig enno, <b>og så slutta Hanne</b>. Dette har også hatt konsekvensar for framdrifta.</i>
Vi skal bruke min 3 månadsverk for å sikre jamn progresjon i arbeidet med redusere avstanden mellom talet på registrerte og digitaliserte gjenstandar.	<i>Vi har hatt hjelp frå dokumentasjonsteamet ved Bev i vår og 4 veker i november. med planlagt arbeide resten av året reknar vi med å nå målet om 3 månadsverk.</i>
Dokumentasjonsteam: veke 8 og 9 + veke 45, 46, 47 og 48	<i>Gjennomført etter planen</i>
Rutinar for avhending inngår i planen, og vi arbeider vidare med konkrete saker for prioritering og ev. avhending.	<i>Det har vore avhenda gjenstandar i samband med rydding på eksternt lager.</i> <i>Det er også gjort vedtak om riving av Garverimuseet og nødvendige førebuingar til denne prosessen.</i>
Komande år vil dette først og fremst vera knytt til gjenstandar på Havrå, slik at ein kan flytte prioriterte gjenstandar til fellesmagasinet.	<i>Havrå har prioritert gjenstandar som er registrert og flytta til fellesmagasin</i>
Innan bevaring av immateriell kulturarv er vi særdeles sårbare når det ofte er kun ein person som har kompetansen. Vi har dei siste åra sett på dette feltet og Havrå har starta ei intern kursrekke knytt til reiskapar, men vi har ikkje fullført ein strategi. Osterøy museum/Havrå må komande år kartlagge tema/område som er særleg sårbare i våre samlingar/ kompetansefelt. Det skal utarbeidast ein strategi og prioriterast tiltak.	<i>Samlingsgruppa har starta arbeidet med kartlegging og strategiar vil bli lagt i 2025</i>
Vi skal kontinuerleg oppdatere Primus-bygg registreringane med evt ny info om tilstandsgrad.	<i>Dette har ikkje hatt forventa framdrift ma pga sjukemeldingar</i>
Avklaringar kring eigarforhold skal vera avslutta. For Osterøy museum gjeld dette Tjore-samlinga.	<i>Eigar har framleis ikkje avklart framtidig eigarskap.</i>

Det skal arbeidast vidare med ein digital katalog knytt til åklebok-prosjektet	<i>Dette vert gjennomført som planlagt. Mål at katalogen skal vera klar til Åkleutstilling i 2026.</i>
Det skal setjast av min. 1 månadsverk til revitaarbeid med prioriterte gjenstandsgrupper. Dette skal koplast til formidlingstiltak.	<i>Dette er utsett pga sjukemelding</i>
Under vilkår av ekstern finansiering skal kyrkjebåten på Hamre restaurerast for bruk.	<i>Dette vert ikkje gjennomført pga manglende tilskot.</i>
Vidare arbeide med referancesamling	<i>Det har ikkje vore kapasitet til denne oppgåva</i>
Vidare arbeide med omorganisering i tekstilmagasin	<i>Har vore utført i samarbeid med Dokumentasjonsteamet</i>



## Mål Trygg ivaretaking

Vi skal sikre trygg ivaretaking av samlingar og bygg gjennom kontinuerleg oppdaterte planverktøy. Vi arbeider vidare med nytt fellesmagasin for musea i Vestland. Asbestsaneringa i vårt freda TIK-anlegg er del av arbeidet med å intensivere og betre tilstanden på bygningsmassen.

### Tiltak/Forventa resultat

Skjøtsel på Havrå skal gjennomførast i tråd med føringane som til ein kvar tid ligg i skjøtselsplanen. Til dømes korleis sikre dei semi-naturlege slåttengene, skjøtselsbeiting der det er aktuelt og restaurering av haustingsskog/lauveng.	<i>Arbeid er gjennomført i tråd med skjøtselsplan og tilgjengelege ressursar.</i>
Sikringsplan og Primus-registreringar skal oppdaterast for å ivareta og forvalte bygningar, kulturlandskap, kulturmiljø og gjenstandar.	<i>Sikringsplan blir revidert i samband med årsplanarbeidet. Store tiltak i planen er gjennomført.</i>
Vi skal prioritere og omorganisere i tilgjengelege lokale for å sikre betre oppbevaring for gjenstandssamlingane.	<i>Det vert gjennomført tiltak slik at vi kan flytte garveribåt inn i aktivitetshuset i november.</i>
Vi skal vurdere eigne rutinar for dokumentasjon av eige arbeide, samt halde interne og eksterne kurs og undervisning for å vidareføre immateriell kulturarv.	<i>Det er gjennomført internt kurs i produksjon av reiskapar på Havrå og det blir arbeidd kontinuerleg</i>

	<i>med vurdering og betring av rutinar, ma ifht tilsyn av bygningane.</i>
Vi skal revidere prosjekt for utvikling av bygningsvern og ha lagt strategiar for å dekke dette. Intensjonsavtaler om samarbeid skal vere etablert (om relevant).	<i>Sjå pkt Aktiv samhandling</i>
Det skal vera implementert rutinar for sikring og tilsyn i tråd med sikringsplan. Prioriterte tiltak i plan skal vera gjennomført, eller søkt finansiering for.	<i>Prioriterte tiltak er gjennomført i tråd med plan. Vidare implementering av rutinar står på vent ifht utskifting av personale og vurdering av løysingar.</i>
Vi skal gjennomføre vedlikehald i tråd med prioritert plan og sikre gode rutinar for gjennomføring av løpende vedlikehald.	<i>Kontinuerleg arbeid med restaurering av vindauge, maling har vore prioritert innan dei ressursane vi har hatt tilgjengeleg.</i>

## Mål Solid kunnskapsproduksjon

**Vi utviklar eigen kompetanse, og ny kunnskap om samlingane våre, gjennom samarbeid med andre museum og forskingsinstitusjonar.**

### Tiltak/Forventa resultat

Prosjektsamarbeid i nasjonale museumsnettverk og andre FoU-institusjonar har styrka oss fagleg og gitt ny kunnskap som gjer samlingane våre relevante.	<i>Avdelinga har gjennom ulike nettverk vore engasjert i fleire søknadar til Kultdir sitt utviklingsprogram, utan positivt resultat.</i>
I Borgund-Kaupang-prosjektet skal vårt delprosjekt avsluttast og den første artikkelen vera klar for publisering. Arbeidet i veven skal avsluttast til 1.3. Artikkel klar for internasjonalt tidsskrift innan 1.5.	<i>Vitskapleg artikkel er akseptert av tidsskriftet «Textile review». for publisering i 2025. Tekstilhandverkar har fått støtte til skrivearbeid frå prosjektet «forskningsinfrastruktur i musea i VI)</i>
Målet er at nasjonalt prosjekt med tema Pelsdyrnæringa skal vera finansiert slik at det kan starte opp komande år. Her kan det m.a. bli utført dokumentasjon og produsert vitskapleg artikkel.	<i>Søknad til Museumsprogrammet for eit utvida prosjekt fekk avslag.</i>
Vidare dokumentasjon Havrå – bruk av bygningar	<i>Har ikkje vore prioritert dette året.</i>
På Osterøy museum/Havrå skal det også utførast dokumentasjon og kunnskapsproduksjon knytt til . Restaurering av Skogen i Bergjet – dokumentasjon og formidling gjennom årlege rapportar. Tema: Oppstadveien og tekniske løysingar for større tekstilproduksjon i denne vevstolen. Prosjekt startar opp, praktisk testing, plan for rekonstruksjon av vevstol. Oppgåvene blir å rekonstruere ein gamal vevstol for å teste løysingane gjennom veving av vadmål. Artikkel i samarbeid med forskar Kay Larson.	<i>Det er gjort kontinuerleg dokumentasjon av restaurering i Berjet og dette vil bli formidla i rapportar (haust) «Kunnskap om oppstadveien» er gjennomført som planlagt. I samarbeid med Katrhrine Larsson (USA) er det gjort praktiske testar og utprøving i vevstolen. Det er også kartlagt gamle oppstadvar og kjelder, som grunnlag for rekonstruksjon av vevstol.</i>

